

NVE

Innsendt dato: 13.05.2016

Referansenummer: DEMWLI

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201203259
Sakstittel	Steinsedalselvi kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	" Vernelag for Hesjedalsvassdraget " ved Anita Vik
Telefon	99361914
Adresse	Vikavegen 30
Postnr	5727
Poststad	Stamnes
E-post	anitavik@live.no

H�yringsfr�segn	
H�yringsfr�segn	<p>Vernelag for Hesjedalsvassdraget v. Anita Alise Vik, Vikavegen 30, 5727 Stamnes</p> <p>NVE12.05.16.</p> <p>UTBYGGING AV FJELLFOSSANE, STEINSEDELSELVA OG LEIROFOSSEN.</p> <p>«Vernelag for Hesjedalsvassdraget» ynskjer � uttrykkje sin motstand mot utbygging av Fjellfossane, Steinsedalselva og Leirofossen p� Eidsland.</p> <p>Dette området grensar til v�rt eige allereie verna vassdrag. Her er eit unikt friluftsomr�de, utan store inngrep. Ein kan gleda seg over ur�rt fjellrom, eit av dei aller siste i ein elles hardt utbygd kommune. Her er beiteomr�de for rein og hekkeomr�de for fjellrype og lirype. Konge�rn, t�rnfalk og andre rovfuglar heldt ogs� til her.</p> <p>Mysterst�len og den vakre fjellgarden Leiro ligg idyllisk til ved Leirovatnet. Heile fjellomr�det eignar seg til telting, fiske og friluftsliv. Like innom kanten, der Fjellfossane kaster seg utfor, ligg den vakre Fjellfossbotn, ei verkeleg naturperle. Der er fisk i vatnet og ein gamal grunn, som har sin eigen historie. I eldre tid vart graset hausta her oppe, og soga om Marta-Jo og familien som budde under ein stor stein fram p� stupet, har halde seg fram til v�r tid. Dette er ei stor utbygging, som vil gjera skjemmaende inngrep i naturen og fjerna sv�ert mykje av vasstrengen i elvane det gjeld. Veggen opp vil ogs� �ydeleggja mykje av den gamle stien, som er fint tilpassa naturtilh�va.</p> <p>Dei siste �ra har me sett at trykket mot rest-vassdragsnaturen har auka kraftig. Elvar me trudde skulle verta sparte, er truga av utbygging likevel. Ein kan samanlikna elvar og fossar med s�lvet p� ein bunad. � ta bort smykket, gjer naturen fattigare. Ei elv utan vatn, er inga elv! Naturen har sin eigen verdi, som ikkje kan m�last i pengar.</p> <p>Me ynskjer at desse fossane og elvane ikkje m� nyttast til kraftutbygging, men f� renna fritt i framtida ogs�.</p> <p>Vernelag for Hesjedalsvassdraget Anita Alise Vik (leiar)</p>
H�yringsfr�segn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	